Vestland fylkeskommune

**Fylkestinget**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saknr:** | 2020/35447-2 |
| **Saksbehandlar** | Annike Gullestad |
| **Dato:** | 22.01.2020 |

| | |
|---|---|
| **Til:** | Sekretariatet for kontrollutvalet |
| **Frå:** | Fylkesrådmannen |

**Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging**.

I møte i kontrollutvalet 24.09.2018 i sak PS 94/18 gjorde kontrollutvalet vedtak om å gjennomføre forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging. Revisjonen blei gjennomført av Deloitte våren 2019 og rapporten blei levert sekretariatet 21.05.19, behandla i kontrollutvalget 11.06.19 og i fylkestinget 1. oktober

Føremålet med revisjonen er beskreve slik i prosjektplanen:

***«Dei temaa som har blitt undersøkt i forvaltningsrevisjonen, dvs. internkontroll, prosjektstyring, innkjøp, kontraktsoppfølging og samhandling, har blitt gjennomgått og vurdert på eit systemnivå. Revisjonen har ikkje gått inn i enkeltvise prosjekt for å vurdere om desse prosessane faktisk er gjennomført i samsvar med regelverk og rutinar.»***

Revisjonsrapporten konkluderer med følgjande anbefalingar:

*«Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjon tilrå at BU/Hordaland fylkeskommune sett i verk følgjande tiltak:*

*1. Sørger for at det blir utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:*

*a. dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og*

*b. dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.*

*2. Etablerer systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.*

*3. Sørger for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinnet, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadar som skal vidarefakturerast og når kostnadane skal betalast inn.*

*4. Evaluerer prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetringspunkt det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarande kontraktar.»*

I tillegg blei det ved behandling i fylkestinget lagt på følgjande to punkt:

5. *At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenetert i Hordaland fylkeskommune.*

6. *Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Bybanen Utbygging legg opp til fylgjande handlingsplanen basert på dagens status.

| Nr | Anbefaling | Tiltak | Ansv. | Frist |
|---|---|---|---|---|
| 1a | Sørger for at det blir utarbeidd skriftlege rutinar knytt til dei ulike oppgåvene som inngår i hovud-prosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem | BUs kvalitetssystem oppdateres fortløpende med nye rutiner der det er mangler, og eksisterende rutiner revideres i hht plan.<br>Ledergruppen har i tillegg årlig gjennomgang for status og revisjonsbehov. | Prosjekt-direktør BU | kont.<br><br>Q3 årlig |
| 1b | Sørger for at det blir utarbeidd skriftlege rutinar knytt til dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar | BUs kvalitetssystem oppdateres fortløpende med nye rutiner der det er mangler, og eksisterende rutiner revideres i hht plan.<br>Avd. for juss og kontrakt er, med bakgrunn i behovene for korrekt saksbehandling i anskaffelser, tildelt særskilt ansvar for at disse kommer på plass. | Prosjekt-direktør BU | kont.<br><br>Q2-20 |
| 2 | Etablerer systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen | • Revisjonskalender er etablert<br>• Ledelsens gjennomgang årlig<br>• Internrevisjoner gjennomføres i hvert byggetrinn | Prosjekt-direktør BU | OK |
| 3 | Sørger for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinnet | Systemer og rutiner for viderefakturering til etater/ samarbeidsparter er under utvikling. Betinger i) at etater/ samarbeidsparter aksepterer BU sin gjennomføringsmodell ift. nøyaktighet på plassering kostnader til kostnadsbærere, og ii) aksept for likhet i fordeling av rigg-/drifts kostnader | Prosjekt-direktør BU | Q3-20 |
| 4 | Evaluerer prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4 | Plan for evaluering og tiltak av i) arbeidsbeskrivelse for anskaffelsesformål og ii) valg av gjennomførings- og styringsmodell for slik kontrakt | Prosjekt-direktør BU | Q3-20 |
| 5a | Løse utfordringene når det gjelder samhandling med Bane NOR | De største utfordringene mht samhandlingen med Bane NOR er nå å regne som løst. | Prosjekt-direktør BU | OK |
| 5b | Løse utfordringene med oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsentert | Her må dokumentsenterets rutiner for mottak og videreformidling av dokumenter gjennomgås, oppdateres – og etterleves | VLFK | |